

ELEN

30

Nokon skreik inne i huset. Eg styrta ut av fjøsen. Ei tenestejente eg ikkje kjende namnet på, sprang over tunet og inn bakvegen. Eg følgde etter henne og skubba opp døra. Det lukta uvant i huset. Søtt, som av parfyme og krydder, men vammelt òg, av noko anna. Eg såg tenestejenta forsvinne vidare inn i huset og følgde etter. Ho stogga utanfor ei dør som stod halvopen. Det var blitt stilt, no, og det sveiv ei underleg lukt frå rommet, ei blanding av noko skarpt og noko kvalmande sotleg, som av blod.

Eg lét att auga, og syna kom skytande gjennom veggen. Eg såg den unge husfrua ligge i senga, og blodet fossa. Noko hadde losna inne i henne, noko som ikkje skulle vere laust. Ho hadde svima av, og den danske kammerjenta stod ved sida av og prøvde fortvilt å vekke henne. Ho hadde lagt kalde omslag på panna hennar, på alle stadene der blodet banka, på halsen og tinningane, på dei spinkle handledda, men frua ville ikkje vakne. No trykte ho klutar mellom beina hennar, dei blei vætte av blodet, blei mørke og raudtrekte ras-kare enn eg nokon gong før hadde sett. Eg visste kva eg måtte gjere, og hjartet mitt dunka i halsen.

Eg gjekk fort forbi tenestejenta, og før ho rakk å reagere, banka eg to gonger på døra. Line snudde seg, ein kvalm desperasjon i andletet hennar.

– Eg kan hjelpe, sa eg. – Eg kan stogge blodet.

Auga hennar var oppsperra, munnen gapte og leitte etter noko. Eg gjekk fram mot senga.

– Stol på meg, sa eg og la handa mi på skuldra hennar.

Line såg på meg og nikka, så veik ho unna. Ho rygga bakover, skubba ut den andre tenestejenta og lèt att døra. Eg kjende plutseleg att tenestejenta, som blei utestengt frå hendingane med ei sur mine om kjeften. Ho var eit av barna som hadde vore overlate til meg medan mi mor hjelpte hennar mor. Ei av jentene som ikkje ville leike dei nye leikane eg dikta opp, ei av jentene som berre sette seg på fjøstrammen og skulte på meg, heilt til mor hennar kom ut, kvit i andletet, og eg aldri såg nokon av dei igjen. Før no. Det gjekk eit gys gjennom meg, eit syn og ei därleg kjensle trengde seg fram, men eg skubba det vekk. Eg måtte hjelpe den unge frua. Eg måtte bruke kunsten mor hadde lært meg, eg hadde därleg tid.

Den unge frua var i svime, og det første eg gjorde, var å rive vekk alle dei kalde omsлага og pakke henne godt inn i dyna, før eg stakk hendene innunder og la dei over underlivet hennar. Slik messa eg fram det same formularet eg ein gong hadde brukt på mor.

– *Stå, du åreblood og stå, du flod, slik som kjerringa i Hellevetet stod, som visste rett og vitna urett. I namna til dei tre: Faderen, Sonen og Den Heilage Ande.*

Då eg hadde lese formularet over den unge frua slik eg skulle, las eg fadervår tre gonger, sakte og inderleg, før eg drog vekk hendene, la meir varme på elden og venta.

DOROTHE

31

Det er lyst i rommet. Line sit ved senga og held handa mi. Auga hennar er raudsprengde. Vindaugen står på gløtt, og eg kjenner ein mild bris over andletet. Det er ein varm sommardag, nokre mygg svirrar i rommet, ei fluge stangar iherdig mot glaset.

Eg ser nedover meg sjølv, har eit svakt minne av å ha blitt flytta på i løpet av natta. Av å ha blitt løfta opp, skifta på, så lagt ned att i reine sengeklede, den svale, velgjerande kjensla, så sokke inn i svevnen igjen, glatt svevn, utan motstand.

– Takk Gud, kviskrar Line og knip handa mi.

Eg prøver å svare henne, men strupen er tørr. Eg kremtar. Line rekker meg eit krus vatn, og eg drikk lenge.

– Kva skjedde? spør eg.

– Du byrja blø, frue. Det kunne gått riktig ille. Men ho fekk stogga det, den jentungen. Elen frå Kiberg.

– Stogga ho blodet mitt?

– Det var eit mirakel, frue. Eg veit ikkje kva ho gjorde. Ho heldt hendene sine over deg, der nede som blodet fossa. Så sa ho ei heil ramse med ord eg ikkje kan hugse, om og om igjen. Etter ei stund lukka ho auga og sa fram fadervår tre gonger. Så bad ho meg bytte klutane. Vi

brende dei gamle, både klutane og lakena. Så vaska vi deg og la på nye. Du vil ikkje tru det, frue. Men blodet ditt stogga, det tørka inn i deg. Det er ikkje til å fatte. Det var eit under.

– Og barnet?

Leppene mine er tørre, eg slikkar dei, kjenner salt smak på tunga, blir plutseleg kvalm. Enn om barnet er borte. Enn om eg har blødd det ut.

– Vi veit ikkje enno, frue. Men det kom iallfall ikkje ut av deg, det forsikra ho seg om, jentungen. Ho sa det var i orden no. Sa ho kunne sjå det, barnet som ligg inne i deg. Kunne sjå det ligge der trygt og kvile. Eg forstår det ikkje, men det var det ho sa. Ho er ikkje som andre.